



## **DEN NORSKE KYRKJA**

### **Stedje Sokneråd**

#### **Protokoll til møte i Stedje sokneråd, onsdag 23.04.25**

**Desse møtte:** Astrid Bondevik, Guri Høstaker Nordheim, Jorunn Furuheim, Marta Fimreite, Kirsti Møller Bruland, Rolv Arvid Leirdal, Jan Helge Løvik og Britt Hovland Selseng.

Forfall: Grete Katrin Sønnesyn, Kirsti Lunde, Sigfred Stenehjelm.

**I tillegg var to tilsette ved Sogndal kyrkjekontor inviterte til møtet:** Kyrkjeverje Jorunn Merete Haukås-Eide og sekretær/konfirmantlærer Anita Instefjord.

#### **Opningsord og musikk ved Astrid**

**Inviterte tilsette ved Sogndal kyrkjekontor:** Jorunn Merete Haukås-Eide, Anita Instefjord fortalte om arbeidsoppgåvene sine ved kyrkjekontoret. Mellom anna vart det informert om administrative oppgåver, dei nye bygga ved Kaupanger stavkyrkje og den nye minnelunden ved Stedje kyrkje og bruken av denne.

**Innkalling og sakliste vart godkjent.**

**Protokoll frå møte 19.03.25 vart godkjent og underskriven.**

#### **Orienteringssaker**

1. Gudstenester: Astrid fortalde at det ofte er dåp i gudstenestene. Til dømes var det 30.mars 4 dåpsborn som vart døypte. Ho kunne også fortelje at det kjem fleire og fleire på Stille-kveld-gudstenestene. Ein prøver elles å samkøyrer gudstenestene med dei andre kyrkjelydane, slik at ein også kan gå på gudstenester utanfor sitt sokn. Til dømes var det Pasjonsgudsteneste i Leikanger kyrkje på langfredag, der Stedje forsongargruppe deltok og fleire frå kyrkjelyden i Stedje kom til gudsteneste.
2. Dugnad på Stedje kyrkjegard: Her var det 16 som møtte.
3. Fasteaksjon 2025: Fasteaksjonen var godt organisert. Det var tilbakemelding på at nokre av områda var for store. Nokre av konfirmantane hadde med ein føresett. Det må likevel kome tydeleg fram i informasjonen for kommande år, at *alle* konfirmantar har med ein føresett, som er behjelpelige med køring og anna under aksjonen. I informasjonen må det også kome fram ei forventning om at føresette er med på aksjonen, sjølv om konfirmanten deira, av ulike årsaker, ikkje har høve til å vere med denne kvelden.
4. Ung messe førebuing 24.04.25. Konfirmantane kom rett frå skulen. Soknerådet ordna med mat. Sjå sak 15/25.
5. Salmekveld: Denne vart dessverre for lite annonsert, og frammøte var lite.

**Sak 13/25 Kyrkjelydshytta**

**Vedtak.** Stedje sokneråd er styre for hytta. Ein person i styret tek på seg ansvaret som kontaktperson og syter for at det er reint og ryddig før utleige. I fyrste omgang tek Marta på seg å vere kontaktperson. Dugnadsgjengen held fram med dugnad, og tenkjer over kva som må gjerast/ kva må vera på plass før utleige. Kva bør gjerast for at det er både praktisk og kjekt å leige hytta. Hytta er vinterstengd.

#### **Sak 14/25 Forsikring for kyrkjelydshytta**

**Vedtak:** Kyrkjelydshytta vert heretter forsikring i Knif forsikring. Hytta er fullverdigg forsikra i Knif forsikring til halv pris av dagens premie.

#### **Sak 15/ 25: Kyrkjekaffi ved Ung Messe i Stedje kyrkje**

**Vedtak:** To av medlemmene i soknerådet tek med kaffi og platekaker og møter opp i gudstenesta.

Møtet vart avslutta med bøn og velsigning-

Sogndal 04.05.2025

Marta Fimreite, leiar

Guri Høstaker Nordheim, sekretær